



# Sauherad strandsoner

Utgreiing Tekstdel

16.05.2019

# INNHALD

INNHALD.....	1
1. BAKGRUNN .....	3
1.1 MÅL MED UTGREIINGA.....	3
1.2 OMGREPA «STRANDSONE» og «STRANDLINE» .....	3
2. REGISTRERING OG ANALYSE .....	4
2.1 REGISTRERINGSKART .....	4
2.2 VERDI- OG SÅRBARHETSKART.....	5
3. BEHOV OG MULIGHETAR.....	6
3.1 TILGANG TIL VASSDRAGET FOR ALLE .....	6
3.2 BEBYGGELSE LANGS VASSDRAGET.....	6
3.3 NÆRINGSVERKSEMD/ REISELIV .....	6
3.4 ANDRE BEHOV .....	7
4. TILTAK.....	7
4.1 VIDAREUTVIKLE STIAR OG STINETT.....	7
4.2 BADEPLASSAR.....	9
4.4 LEIRPLASSAR.....	11
4.5 NÆRINGSLIV/ REISELIV .....	11
4.6 BUSTADER OG HYTTER .....	12
5. PRINSIPP FOR VIDARE ARBEID.....	12
5.1 FRAMGANGSMÅTAR FOR GJENNOMFØRING AV TILTAK.....	12
5.2 PRINSIPP FOR PLANARBEID .....	13
5.3 SKJØTSEL OG VEGETASJON .....	14

**Vedlegg:**

1. UTGREIING ILLUSTRASJONSDEL
2. SAMLEKART VERDI OG SÅRBARHET \_ANALYSE

## 1. BAKGRUNN

Sauherad kommune har i samarbeid med Telemarkskanalen regionalpark engasjert Feste Landskap\_Arkitektur i arbeidet med å utarbeide ei utgreiing og mulighetsstudie for strandsonene i Sauherad.

### 1.1 MÅL MED UTGREIINGA

Utgreiinga/ mulighetsstudien skal vera del av grunnlagsmaterialet for utarbeiding av nye Midt-Telemark kommune sin kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel.

- *Betre og meir styrt bruk av det grunnlaget som Heddalsvatnet – Bråfjorden, Sauarelva, Norsjø og Gvarvelva gir for auka attraktivitet, næringsutvikling og bustadutvikling.*
- *Balansere høgare utnytting av vassdraga mot ivaretaking av kvalitetar for friluftsliv, naturmiljø og kulturlandskap.*
- *Få fram nye idear og ny aktivitet.*

Vidare skal utgreiinga ha overføringsverdi for dei andre kommunane i Telemarkskanalen regionalpark.

### 1.2 OMGREPA «STRANDSONE» og «STRANDLINE»

I denne utgreiinga tar vi utgangspunkt i eit ca 100m breitt belte langs strandlina. Hovudfokuset er sjølve strandlina og på den delen av landskapet som kan opplevast frå strandlina og frå vatnet. Dette er ofte kortare enn 100 m og av og til lenger enn 100 m. I tillegg har vi sett på tilkomst og tilgjenge til strandlina, frå vatn og frå land, også frå område utanfor 100-sona. På kartet er yttergrensa for dei områda som er vurdert teikna inn med stipla, svart strek.

*Strandlina* er den smale stripa i sjølve overgangen mellom land og vatn.

Strandsonene som er tatt med i utgreiinga, er sonene langs Norsjø, Heddalsvatnet, Gvarvelva og Sauarelva. Sideelvene til hovudvassdraget er ikkje vurderte.



*Innsyn mot Gvarv sentrum frå Gvarvelva*

## 2. REGISTRERING OG ANALYSE

Registreringane er i hovudsak basert på eksisterande materiale frå kjende databasar og frå tidlegare prosjekt og utgreiingar frå Sauherad kommune og Telemarkskanalen regionalpark.

Det er gjennomført ein dags synfaring med båt frå Kolatangen ved Evju, ned elva til Gvarv og ut i Norsjø, langs Nesodden til Akkerhaugen og opp Sauarelva til Kolahuset. Det er også gjennomført ein tur med bil på begge sider av Heddalsvatnet og langs Bråfjorden. Vidare er det gjennomført eit innspelsmøte med båtforeningar og andre lokale aktørar og eit møte med representantar frå reiselivsbedriftene på Akkerhaugen.

### 2.1 REGISTRERINGSKART

Fylgjande tema er registrerte og vert vist på registreringskart og i tabellar i Vedlegg 1 kalla UTGREIING, ILLUSTRASJONSDEL i kapitel *Registreringar og analyser*:

1. Landskap \_områdeinndeling, s. 5-10

*Her er det samla landskapsvurderingar frå tidlegare analyser knytt til arbeidet med regionalparkvurderingar for Telemarkskanalen, utført av Aurland Naturverkstad.*

2. Landskap \_særpreg, s. 11

*Her er det lagt inn eit oppsummerande kart som viser særpreg i landskapet frå tidlegare landskapsanalyse frå kanalen, utført av Feste.*

3. Marin grense \_landhevingskart, s. 12

*Kart som syner landheving i ulike fasar, noko som har vore med å forme landskap og jordsmonn i området, utført av Sauherad kommune.*

4. Registrerte fornminne, s.13-14

*Kart som syner kjende fornminne og plassering i landskapet, samt kvar det er dyrkamark.*

5. Naturverdiar, s. 15

*Kart som syner kjende naturverdiar i tilknytning til vassdragslandskapet. Frå Naturbase.no.*

6. Aktivitetar/Opplevingar, s. 16

*Illustrasjon som viser viktige opplevingspunkt i landskapet.*

7. Sykkelruter, stiar og stoppunkt, s. 17

*Kart som viser mogleg samankopling av sykkelruter og stoppunkt i fruktbygda.*

8. Båtplassar og brygger, s. 18

*Kart som viser eksisterande offentleg tilgjengelege båtplassar og brygger*

9. Leirplassar, s. 19

*Kart som viser offentleg tilrettelagde leirplassar*

## 10. Badeplassar, s. 20-22

*Kart som viser badeplassar av alle slag, både offentlege og private, både tilrettelagde og ikkje. Registreringa er avgrensa til å vise badeplassar som har ein viss bruk eller eit visst potensiale.*

### 2.2 VERDI- OG SÅRBARHETSKART

Basert på registreringane er det utarbeidd eit «verdi- og sårbarhetskart» Dette ligg som stort kart i Vedlegg 2 og som illustrasjon på side 23 i vedlegg 1.

På kartet er heile strandsona gitt ein «verdi» på ein skala frå 1 til 3. Verdien er mellom anna vurdert ut i frå tema frå registreringa. Dersom eit område har høg verdi kan til dømes vera fordi det er eit naturområde som har ein særleg vernestatus (t.d. fuglefredningsområde) eller det kan vera fordi det er ein særleg attraktiv badeplass, eller ein badeplass som er nær der det bur mange folk slik at han brukast av mange. Generelle vurderingar for «verdi»:

- Ingen område i strandsona har liten verdi. Skalaen er «verdifull, stor verdi og svært stor verdi».
- Strandlina har minimum «stor verdi».
- Heile 100m-beltet har minimum «verdifull».
- Område med verneverdi som er viktig nasjonalt har fått vurderinga «svært stor verdi».

I tillegg til den tredelte verdi-skalaen, er dyrka mark lagt inn ut i frå vurderinga av at dette er verdifulle område i seg sjølv.

På det same kartet er det vist kor sårbare dei ulike områda er vurdert til å vera. Sårbarheten er vurdert ut i frå kor stor fare det er for at eit inngrep vil føre til at verdien og kvalitetane i området blir forringa. Kor eksponert eit område er for omgjevnadene, har også tyding for vurderinga av kor sårbart det er. Dette gjeld alle type inngrep. Til dømes vil ein badeplass kunne miste mykje av attraktiviteten sin dersom nokon bygger ei hytte eller ein veg tett på stranda. Generelle vurderingar for «sårbarhet:»

- Alle område i strandsona har ein viss sårbarhet for inngrep. Skalaen er «sårbart, middels sårbart og svært sårbart».
- 100m-beltet har minimum «middels sårbarhet».
- Badeplassar har svært stor sårbarhet.
- Dyrka mark har svært stor sårbarhet.
- Sentrumsnære område eller område som allereie er prega av inngrep er vurdert å ha generelt noko mindre sårbarhet enn elles.

### 3. BEHOV OG MULIGHETAR

Kapittelet er i stor grad basert på innspel i medverkingsprosessar og møte med ulike aktørar samt egne registreringar.

#### 3.1 TILGANG TIL VASSDRAGET FOR ALLE

Sjølv om Sauherad har vassdraga som dominerande landskapselement gjennom heile kommunen, er tilgangen til vatnet ikkje like god for alle. Vi har registrert fylgjande behov og potensiale for betring:

- Trygg og attraktiv tilgang til gode badeplassar for born/ungdom og mjuke trafikantar generelt. Det er særleg viktig med god tilgang frå tettstadene der det bur flest folk. Men også utover i grendelaga kan det vera manglande tilgang til dei gode badeplassane, enten på grunn av trafikk, privatisering eller uframkommeleg terreng og vegetasjon.
- Attraktiv sykkeltilgang generelt vil auke sykkelbruken og minske behovet for parkeringsplassar ved utfartsstader.
- Universelt utforma tilgang til vatnet kan betrast.
- Samanheng mellom stinett for gåande og syklande og strandline kan betrast.
- Samanheng mellom kulturlandskapet og strandlina/ vatnet kan betrast både visuelt og fysisk.
- Det er få utfartsstader, stiar og badeplassar som er godt tilrettelagte for å ta imot fleire folk. Dvs. parkeringsplassar og sanitæranlegg (kun Hjuksevelta, Patmos , Norsjø ferieland samt Farstadparken og Odden brygge).
- Båtfeste. Mange fine bade- og rasteplassar langs strandlina er vanskeleg tilgjengelege med båt. (Bolting for fortøying av båt, rydding og skjøtsel av vegetasjon og anna tilrettelegging kan betre situasjonen.)
- Dårleg framkomme for båt enkelte stader i elvene.

#### 3.2 BEBYGGELSE LANGS VASSDRAGET

Det kan vera etterspørsel etter og behov for bustader og hytter med god forbindelse til vassdraget.

Bustadbygging og hyttebygging langs eller nær strandlina er attraktivt. Bustader og hytter heilt i strandkanten vil gje nokre få tilgang til vatnet på bekostning av alle dei andre.

Dersom ein bygger med litt avstand til strandlina kan det likevel vere mogleg å ivareta interessene til folk flest. Båtplass/ brygge tilknytt bustaden vil vera attraktivt. Vidare vil ei kvalitetsmessig fortetting av Akkerhaugen og Gvarv sentrum kunne gje fleire folk god tilgang til vatnet.

Det er mogleg å planlegge for hytter i nokre delar av kommunen relativt nær strandsona utan å koma i konflikt med andre omsyn dersom ein trekker bebyggelsen noko vekk frå den mest eksponerte strandlina, men opparbeider god tilgang til vatnet og eventuelt felles bryggeanlegg som er offentleg tilgjengeleg.

#### 3.3 NÆRINGSVERKSEMD/ REISELIV

Akkerhaugen er reiselivssenteret i kommunen og kan vidareutviklast som reiselivsfyrtårn. Staden er innfallsporten til Austkanalen og knutepunkt for båtlivet. Om sommaren er det turistinfo og sommarkafe på brygga. Tiltak for å styrke det eksisterande reiselivet og knyte Akkerhaugen saman med vassdraget og fruktbygda vil også kunne gje positive ringverknadar for samfunnet.

- Reiselivet ynskjer utflukter og turforslag som har tydelege mål. Dette kan vera ein attraksjon eller ein aktivitet eller eit tilbod av ulike slag, alt frå fin badeplass, utkikspunkt, til kafé, stupetårn eller kulturminne, «noko å gå til.»
- Norsjø ferieland vil gjerne at folk skal koma til dei, setta frå seg bilen og ta seg fram i sakte fart som gåande eller syklande eller med båt. Dei ynskjer seg derfor tiltak som fremmar at ein kan forflytte seg meir nede langs vatnet utan å måtte opp på vegbrua. Idé om kabelferge over til Akkerhaugen brygge.
- Dersom områda i Liagrenda nær Ferieland blir utvikla som hytteområde framfor bustadar, vil det kunne bygge opp under aktivitet knytt til Ferielandet.
- Tilrettelegging og skilting av stiar for turgåing og sykling.
- Sykkeltransport kombinert med sykkelurar. Tilrettelegging for dette.
- Synleggjering av Akkerhaugen som reiselivsbygd.

### 3.4 ANDRE BEHOV

- Skjøtsel og renovasjon på offentlege friområde og stiar.
- Arkitektonisk stupetårn – eller noko som skaper blest.
- Synleggjering av den eldre historien; vikingetida, brynesteinstransporten, roskift-systemet, kulturminna, mellomalderkyrkjene (Guvihaug og Dingnes).
- Synleggjering av verdsarven og industrihistorien.
- Synleggjera den geologiske historien og samanhengane geologi, natur, kultur, historie.

## 4. TILTAK

Langs strandsonene i Sauherad er det mange tiltak ein kan ynskje seg. Med bakgrunn i registreringar og vurdering av behov og muligheter har vi laga eit oversyn over forslag til tiltak som vi meiner kan bidra til å oppfylle desse behova og mulighetene.

### 4.1 VIDAREUTVIKLE STIAR OG STINETT.

Sjå kart 6 Sykkelruter, stiar og stopp-punkt i illustrasjonsdelen. Kommunen har allereie eit godt nettverk av stiar og små vegar som er attraktive for sykling og turgåing. Fleire sykkelruter er godt merka. Det er likevel nokre koplingar som manglar og som kunne gjort nettverka større, meir trafiksikre og gitt betre samheng og gjort det mogeleg å få til turrundar. Koplinga mot strandsonene kan også bli betre.

Prioritere forbindelsar som:

- gjer rundurar mogeleg og som utvidar eksisterande stinett,
- gjev tilgang til vatn/badeplassar,
- gjev kopling til fruktlandskapet,
- gjev kopling mellom bustadområde/ sentrum og vatnet/elvene.



## Liste over aktuelle tiltak:

- *Forlengje Kjærleiksstien til Nesodden.* Vidareføre stien utover langs elva på austsida slik at Gvarv sentrum kan koplast saman med fruktlandskapet på Nesodden og nettverk av stiar og småveggar der. Skulen og institusjonane ved Notevarp kan også koplast på. Denne stien er av fleire framheva som eit viktig tiltak og vi vil tilrå at denne får første prioritet. For å gjera det mogeleg å gjennomføre, bør traseen forankrast i juridisk bindande arealplan.
- *Stiar på Nesodden.* På Nesodden er det fleire stiar og småveggar som med litt tilrettelegging kan føre til betre kopling mellom fruktlandskapet, strandlinja, stinettet elles samt tettstadene Gvarv og Akkerhaugen.
- *Betre kopling mellom Grøne Gangar og Kjærleiksstien.* Ei kopling langs elva frå Gvarvbrua og opp til Hallen der Grøne gangar møter elva, er mogleg å få til, men det er mykje dyrka mark heilt ned til elva på strekningen.
- *Kjærleiksstien universelt utforma:* Prosjektet med å gjera Kjærleiksstien universelt utforma kan vidareførast til å bli eit godt tilbod for personar med nedsett funksjonsevne. Tiltaket kan rettast mot folk som bur på Gvarv og mot tilreisande som ønsker ein utflykt langs ein UU- sti. Ein må sikre god tilkomst frå institusjonane og omsorgsbustadene på Gvarv.
- Velje ut eit friområde som kan bli tilrettelagd særleg for personar med nedsett funksjonsevne, t.d. Farstadparken som kan koplast saman med Kjærleiksstien.
- *Sti ved Gamlebanen/ Østtveit.* På vestsida av Gvarvelva er det ein traktorveg heilt nede ved elva nedanfor Gamlebanen/ Østtveit. Her kan det vera mogeleg å etablere ein rundtur som kan kople saman småvegane i området rundt Østtveit (lysløypa), sti langs elva og eventuelt nytt bustadfelt på Gamlebanen. Ved etablering av GS-veg mellom Gvarv og Bø vil dette kunne bli ein fin rundtur med kopling til Gvarv sentrum.
- *Sti frå Teksten og ut til Øytangen/ Øyane.* Dagens sti/traktorveg frå Teksten og utover Øytangen er ein stille og sjarmerande sti som kan vidareførast utover i våtmarksområdet. Når ein nærmar seg dei yttste øyane kan stien byggast på pælar. Kor langt ut ein kjem er avhengig av kor langt ein vil gå i å pæle ein sti tilstrekkeleg. På Øytangen står det ei gamal løe. Slike gamle bygg som ikkje er i bruk lenger kan byggast om til å bli eit turmål som for eksempel eit lehus/ hytte for rast, enkel overnatting eller liknande. Spelemiddelordninga opnar nå for at tilrettelegging av slike små hus kan søkast om som dagsturhytter.
- *Kopling mellom Gvarv sentrum og Teksten/ sti mot Øyane.* Forbindelsen går i dag via GS veg langs riksvegen, men ei meir direkte kopling over elva kunne vore fint. Gangbru eller små «skystasjonar» er alternativ. (sjå nedanfor)
- *«Pråmbytte».* Fleire stader kan ein etablere skystasjonar med tre små båtar, to på eine sida og ein på den andre. Dette kan bidra til å kople stiar saman og få til gode rundturar. Båtane kan ha sykkelstativ. Eksempel på stader: Frå Øyane over til Aslaksborg, frå Teksten til Gvarv brygge, frå Kolahuset og over Sauarelva, ved Akkerhaugen brygge, frå Kolatangen til Østtveit.
- Lyngnesvegen og vegen ned til Fiskodde kan koplast saman.
- *Gjennomgang av trafikktryggleiken:* for mjuke trafikantar på strekningane frå bustadområda til badeplassar og brygger. Utbetring der det er trafikkfarleg eller kjennes utrygt.

- *Turkart*: Lage turkart med alle stiar, nettverk av turvegar, utfluktsmål/badeplassar, pråmbytte, sykkelstasjonar, brygger, attraksjonar, mm. Nytt turkart er utgitt i 2019, men dette må oppdaterast og vidareutviklast jamleg. Digital løysing bør vurderast.



*Sti utover Øytangen kan utviklast med brygge for tilgjenge og rastehus i gamal løe.*

## 4.2 BADEPLASSAR

Sjå kart 9 badeplassar i illustrasjonsdelen.

Mindre badeplassar krev liten tilrettelegging utanom tilkomst og evt noko vegetasjonsrydding. Det er likevel viktig å vera merksam på at badeplassar er generelt sårbare for inngrep både på sjølve badeplassen og i omgjevnaden rundt. Privatisering og byggetiltak nær badeplassen kan forringe kvaliteten og plassen kan bli mindre attraktiv. Større badeplassar med fleire folk og parkeringsplass treng gjerne meir tilrettelegging som toalett, renovasjon og generell skjøtsel.

Generelt: Det er få større badeplassar i kommunen som er tilrettelagt for fleire folk og med gode parkeringsmoglegheiter og sanitærtilhøve. Det er mange mindre badeplassar rundt omkring, men fleire av dei er vanskeleg tilgjengelege (frå land eller vatn) og ein del er privatiserte. Akkerhaugen og Årnes har dei beste bademoglegheitene. Gvarv har nokre mindre badeplassar med liten plass i tillegg til Farstadparken som er romsleg og fin og der badeplassen har potensiale til å forbetrast. Hjuksebø har fin badeplass medan strekningen mellom Nordagutu og Hjuksebø har mindre og ikkje så

tilgjengelege badeplassar. Hørteelva har badeberg brukt av lokalkjende, medan Gvarvelva ovanfor sentrum har få badeplassar for allmennheten. Nesodden har ein del lokale badeberg i tillegg til Odden brygge.

Prioritering:

1. Kommunen bør sikre, gjere tilgjengeleg og eventuelt vidareutvikle badeplassane nær tettstadene. Gvarv og Nordagutu er dei tettstadene med størst behov. Badeberga og badeplassane langs Kjærleiksstien på Gvarv er viktige for lokalbefolkningen, det same gjeld Kolahus-området på Nordagutu.
2. Alle grendene bør ha ein nær-badeplass som kommunen tar noko ansvar for, enten i form av vedlikehaldsavtaler eller ana oppfølging.
3. Gjere øvrige badeplassar tilgjengelege både frå land og vatn gjennom avtale med grunneigarar, velforeningar, båtforening, regionalparken, Telemarkskanalen, næringsaktørar og andre aktørar.

Liste over aktuelle tiltak:

- *Sandgrunn/ Farstadparken*: Gjerne fleire benkar eller andre typer sitteplassar. Vurdere om sjølve badeplassen kan utbetrast. Området treng generell oppgradering og bør utvidast med fleire idrettsaktivitetar som basketball og sandvolley. Samanhengen med p-plassen og det gamle brukare kan forbetrast og få eit meir parkmessig preg.
- *Badebrygge ved Kjærleiksstien*. Kan evt utbetrast noko.
- *Badeberga i Gvarvhølen*: Dei nordlege berga er nå eigd av kommunen. Stien kan utbedrast noko, berga kan gjerast meir tilgjengelege og det kan ryddast litt vegetasjon.
- *Øyane*: Rydding av vegetasjon/ beiting kan gi betre kvalitet men må gjerast regelmessig. Rydde sti/veg ut for tilkomst frå land.
- *Aslaksborg*. Har djupt vatn og kan utviklast til flott gjestebrygge med badeplass og stupetårn.
- *Gurstad*. Holmar utanfor fin strand. Boltar for fortøying samt merking vurderast.
- *Ytterst på Nesodden*. Boltar for fortøying samt merking vurderast.
- *Tjuvholmene*: Boltar for fortøying samt merking vurderast.
- *Ottersnes*. Boltar for fortøying samt merking vurderast.
- *Kålgro*: Boltar for fortøying samt merking vurderast.
- *Patmos- Strand og skulpturpark*. Planmessig skjøtsel av vegetasjon er viktig for å bevare særpreget.
- *Patmos – den ytste øya*: Her er det fint å ligge med båt. Delar av øya kan ryddast for vegetasjon slik at det er attraktivt å raste/ vere der. Fin sandgrunn for bading. Bør kun vera tilgjengeleg med båt.
- *Kolahuset og/eller Krokmannsevju* – betre tilhøve for bading med t.d. badebrygge og stige.
- *Gvannes brygge*. Brygga kan rustes opp noko m.a. med badestige. Traktorvegen kan utbetrast for betre tilgang.
- *Tjuvodden/Lyngnes*: Strandrydding. Betre tilrettelegging via sti og med regelmessig avfallshåndtering.
- *Fiskodden brygge* – Brygga kan rustes opp noko m.a. med badestige.
- *Pilodden Bråfjord vest* – vurdere enkle tiltak for betre tilkomst.
- *Sjåstranda, Hagengrenda, Heddalsvannet øst-* vurdere enkle tiltak for betre tilkomst.
- *Jønsiståin, Hagengrenda, Heddalsvannet øst-* vurdere enkle tiltak for betre tilkomst.

### 4.3 BÅTFART: OFFENTLEG TILGJENGELEGE BRYGGER OG BÅTFESTE

Det er eit aktivt båtliv på Norsjø og i elvene. Båthavnene på Akkerhaugen og på Gvarv er godt belagte, og på Akkerhaugen er det etterspørsel etter fleire båtplassar. Mange eigedomar langs strandsona har eigen båtplass. Dette er ein flott kvalitet, men kan i ein del tilfelle virke privatiserande på strandlina slik at folk ikkje føler det er greitt å gå i land. Det er tradisjon enkelte stader for at grunneigarar med strandline lar nære naboar få bruke båtplass hos seg. Det er også eit stort miljø for padling både med kajakk og kano i området. Gode plassar for å legge til og sette ut fartøyet er viktig.

Tiltak som styrker båtlivet:

- Merking av Gvarvelva for båtfarten. Opp til sentrum (foreslått som tiltak i eit medverkingsmøte)
- Vegetasjonsrydding for betre tilkomst frå vatnet.
- Ny brygge ved Farstadparken– for enkel tilgang til handel/ sentrum med båt.
- Mudring ved Guvihaug og Krokmansevju.
- Mudring opp elva til Gvarv brygge.
- Merking av grunner utanfor Patmos. Vurdere tilrettelegging for fortøying på elvesida av den ytste øya.
- Blodspreg ved Bråfjorden: bytte ut dei stakane som er dårlege.
- Fleire låge brygger for utsetting av kano/ kajakk.
- Nye/ utvida båthamner:
  - Utviding av båthamna på Akkerhaugen. Her er det etterspørsel etter båtplassar.
  - Aslaksborg har djupt vatn og eignar seg for båthamn.

### 4.4 LEIRPLASSAR

Det er ikkje mange tilrettelagde leirplassar i kommunen, kun Krokmannsevju og Hjuksebø friområde som begge ligg langs austkanalen. Potensielt nye leirplassar kan vera på Ottersnes eller på Kolatangen. Tjuvholmane vil også vera attraktive for leirplass dersom ein kan sikre allmenn tilgang.

### 4.5 NÆRINGS- / REISELIV

Stiar og rundar med mål bør prioriterast:

- Sykkel/gangsti ut til Øyane med rastehus og badebrygge. «Pråmbytte» over til Aslaksborg med båthamn og stupetårn.
- Sykkel/gangsti som bind Aslaksborg saman med Akkerhaugen. «Pråmbytte» eller kabelferge ved Akkerhaugen brygge.
- Sykkelstasjon ved Odden brygge eller andre lokasjonar i samarbeid med reiselivet og samarbeid med kanalbåtane.

Andre attraksjonar:

- Området mellom Patmos og Ferieland: Strand med handverksaktivitetar i samarbeid med vikinggruppene.
- Bakeri på Akkerhaugen brygge.
- Flytande hytter – nytt konsept på Ferieland. Her kan ein satse på arkitektonisk kvalitet og særpreg for å få ekstra blest om prosjektet og skape ein tilleggsattraksjon.
- Stopp-punkt i krysset ned til Akkerhaugen ved Jonsåsreset. Vegetasjonsskjøtsel/-rydding ift sikt mot Akkerhaugen.

- Norsjø hotell som ein slags sentral for Frukktbygdaaktivitetar og -aktørar. Flott sykkelparkering og sykkelrasteplass med god og synleg tilkomst knytt til hotellet.



Referansar på stadar å gå til: Hamaren aktivitetspark i Fyresdal og Sjøormtårnet i Seljord

#### 4.6 BUSTADER OG HYTTER

Ny utbygging i strandsona bør ein vere varsam med, men enkelte område kan, med bakgrunn i verdi- og sårbarheitsvurderingane, vurderast nærare for bustad-, hytte- og reiselivsbygging.

- Gvarv sentrum nedanfor menighetshuset og Furumo vil vera fint for bustadbygging. Området er flaumutsett og ei evt utbygging må utgreiast og tilpassast godt.
- Gamlebanen på Gvarv. Området ligg inne i gjeldande kommuneplan som bustadområde. Relativt sentrumsnært og vil kunne knytast til elva via gangveggar og stiar.
- Område i Liagrenda/ Ryntveitområdet på Akkerhaugen. Områda må planleggast i samanheng. Ligg til dels eksponerte i bratt terreng og er sårbare slik at kun delar av området bør byggast ut. Området må planleggast godt for å unngå negativ fjernverknad. Det bør vurderast utbygging for reiseliv.
- Fortetting i Gvarv og Akkerhaugen sentrum. Det ligg godt til rette for kvalitetsmessig fortetting i eksisterande sentra, som begge ligg nær vassdraget. Grøn- og blåstruktur må vektleggast i fortetting.
- Område ytst i Liagrenda og på Ottersnes kan vurderast for spredt hyttebygging dersom dei blir trekt noko vekk frå strandlina. Dei bratte partia i Liagrenda toler ikkje store felt, sidan det vil gi uheldig fjernverknad.
- Fortetting av hytter på Lyngnes v Heddalsvannet.
- Hytter ved Gvannes brygge

## 5. PRINSIPP FOR VIDARE ARBEID

### 5.1 FRAMGANGSMÅTAR FOR GJENNOMFØRING AV TILTAK

Ulike framgangsmåtar for gjennomføring kan vera:

1. Småtiltak som er enkle å gjennomføre, rimelege og med få aktørar involvert: Kommunen, gjerne i samarbeid med velforeiningar tar tak i tiltaka fortløpande og prioriterer dei tiltaka som er enkle å gjennomføre med lite innsats og som evt kan bli gjennomført i samband med andre tiltak.
2. Større tiltak, som for eksempel lengre stiar med ein del tilrettelegging: Alle dei aktuelle tiltaka bør forankrast i kommuneplan og eventuelt reguleringsplan. Kommunen vel ut kva tiltak som bør prioriterast og ein arbeider langsiktig og steg for steg med dei ulike aktørane for å finne løysingar og for å finne finansiering.



3. Særleg tilrettelegging: Vi tilrår at kommunen vel ut nokre få område som skal ha særleg tilrettelegging og der ein gjer noko «ekstra» ut av det. Desse prosjekta kan vera retta mot både reiseliv og lokalbefolkning. Her kan ein arbeide saman med fleire aktørar for å få til gode løysingar og finansiering. Eksempel frå Telemark til inspirasjon er Sjøormtårnet i Seljord og Hamaren aktivitetspark i Fyresdal.
4. Sikring av verdifulle område: Vi tilrår at kommunen plukkar ut område som er særleg verdifulle for friluftsliv, bading og tilgjengelegheit for allmennheten og vurderar korleis desse kan sikrast. Det kan til dømes vera gjennom juridisk bindande arealplanar, erverv av eigedom eller gjennom å inngå avtaler med grunneigar. Viktige badeplassar som etter lovverk og vedtak skal vere offentleg tilgjengelege må fylgjast opp dersom dei blir privatiserte.

## 5.2 PRINSIPP FOR PLANARBEID

### **100-M grensa**

I ein avstand på 100 m frå strandlina bør ein som hovudregel vera varsam med bygningsmessige eller terrengmessige inngrep. I nokre tilfelle kan det likevel vera greitt:

- *I sentrumsområde:* Historisk har tettstadene Gvarv og Akkerhaugen vakse fram fordi dei hadde kontakt med vatnet. Det å bygge i strandsona vil vera heilt naturleg i desse områda. I sentrum kan ein nokre stader bygge nesten heilt ned i strandlina. Føresetnaden må vera at strandlina då må vera offentleg tilgjengeleg og at ein ikkje legg til rette for privatisering. I tillegg må ein setje høge krav til arkitektur og fjernverknad.
- *I område som er lite eksponert mot strandlina* som følge av vegetasjons skjerming og/ eller terrengmessige tilhøve.
- *I område som ikkje lenger har naturleg strandline intakt,* som til dømes transformasjon av areal som har vore nytta til næringsverksemd og der naturverdiar og opplevingsverdiar er gått tapt.

Uansett stad eller type tiltak, bør ein ha som grunnregel at alle tiltak i strandlina skal føre til betre tilgang for folk flest.

### **Byggetiltak**

Vassdraget og strandsonene er med på å gi Sauherad særlege kvalitetar som er attraktive både for «bustad, besøk og bedrift.» Ein bør arbeide vidare med løysingar for korleis vassdraga kan gjera det endå meir attraktivt å busetje seg i kommunen.

- Bustadbygging i strandsona bør i hovudsak skje nær tettstadene. Dette for at strandlinene elles skal vera mest mogleg tilgjengeleg for allmenn bruk, og for å ivareta viktige landskapsverdiar, natur- og kulturmiljø. I tettstadene bør ein kunne bygge ganske nær vatnet, under føresetnad av at sjølve strandlina er offentleg tilgjengeleg formelt og i praksis.
- Eksisterande bustadfelt bør få betre tilknytning til vatnet. Dette kan ein gjera med tilrettelegging av eit godt utbygd og trafikksikkert stinett, samt etablering av offentlege badeplassar.
- Hyttebygging i strandsona bør kunne tillatast i nokre få soner, medan andre soner blir reservert mot utbygging. Busetnaden bør ha ein viss avstand til strandlina, strandlina må ikkje privatiserast og eventuelle bryggeanlegg må vera opne for alle. Ein må vurdere kva som er rett avstand i det aktuelle terrenget og i høve til type bygningar. Bygg må ikkje vera svært

eksponert mot vatnet slik det for eksempel kan bli i bratt terreng. Det bør sikrast vegetasjonsbelte som skjerm og randsone mot vatnet.

### **Arkitektur, estetikk og landskapstilpassing**

Ny bygge- og anleggsverksemd langs vassvegen bør ha god terrengtilpassing. Dersom inngrepa likevel vert store, må ein ta omsyn til kor mykje innsyn det er frå omgjevnaden og særleg sett i frå vassvegen. Inngrepet bør utformast slik at det blir lite dominerande og slik at terrengendinga har ein skala som høver til omgjevnadane og til det som skal byggast.

Arkitektur retta mot offentlegheiten bør framhevast med høg kvalitet. Dette treng ikkje seie at byggverka skal vera signalbygg. Bygging i strandsona er ofte svært eksponert og skala og kor tett ein bygger bør inspirerast av dei historiske attraksjonane, slik som Årnes brygge. Uttrykket til kvart enkelt bygg kan likevel vera moderne. Utforminga bør vera inkluderande og invitere til bruk.

Vidareutvikling av dagens bygningsmiljø bør bruke kjerneverdier frå dei historiske bygga som grunnlag for ny bygningsstruktur og utforming av bygg. Eit enkelt og moderne byggeri kan gjera dette med få, men naturlege materialar med høg kvalitet og enkle heilskaplege løysingar som binder saman ute- og innemiljø. Arkitekturen bør konkretisere dei naturgjevne kvalitetane på staden og framheve landskapet, utsikten og overgangen mellom land og vatn.

### **5.3 SKJØTSEL OG VEGETASJON**

I område der det er snakk om tiltak i vegetasjonsbelte, må ein for det første ha ei klar formeining om kva som er viktig på dei aktuelle stadane. Er det innsyn/utsyn eller skjerming? Er det frodighet eller praktiske omsyn? Er det framkommelighet? Er det naturverdier? Dernest må ein velge tiltak og ha ein tanke om skjøtsel etter at tiltaket er gjennomført. Ofte blir vegetasjonsbelte hogd ned for å gi utsikt og resultatet blir ugras det første året og eit tett kratt om eit par år. Vassressurslova har også inne krav om at det skal takast vare på naturlege kantsoner mot vassdrag.

Nedanfor nokre generelle råd om vegetasjonsskjøtsel og terrengtilpassing.

**Råd om terrengtilpassing og vegetasjonsskjøtsel i eller nær strandsona***Terrengtilpassing utanfor sentrum:*

- *Eventuelle større fyllingar og skjeringar bør utformast slik at det ser mest mogleg naturleg ut og gjerne plantast til med vegetasjon som liknar den naturlege vegetasjonen i området. (naturlege randsoner og vegetasjonsbelte og ved naturleg revegetering). Der dette ikkje er mogleg bør det vurderast om ein fin terrengmur er betre enn fylling/skjerung. I enkelte tilfelle kan terrengendingar tydeleggjerast som ein del av arkitekturen men må da ha ein skala og utforming som spelar saman med arkitektur og omgjevnad.*

*Terrengtilpassing i sentrum:*

- *I tett bebyggelse er ofte terrengmurarar betre enn fylling (og skjering). Murane tar mindre plass og ein unngår problemet med skråningar som er vanskelege å skjøtte.*
- *Ved nyanlegg bør ein også vurdere om det verkeleg er naudsynt å gjera inngrepet på ein slik måte at det fører til store fyllingar eller skjeringar. Dette kan mellom ana justerast med kva kotehøgde ein legg bygningar på eller med storleiken til den flate delen av hagen.*

*Skjøtsel av vegetasjon i naturlike område og kulturlandskap:*

- *Der det allereie er etablerte randsoner med tre, bør ofte trea få stå i fred. Dei held ugraset unna til ein viss grad og den naturlege suksesjonen gjer at det etter kvart vil utvikle seg til ein naturleg skog i balanse med treslag som trivst på staden.*
- *Dersom trea er til sjenanse for utsikt eller sikt, kan ein tynne ut og stamme opp nokre tre slik at ein ser utsikten mellom trestammene.*
- *I nokre naturlege skråningar kan ein vurdere kraftig tynning samt beitedyr der dette er mogleg, evt slått 2 gonger pr sesong.*
- *Nokre stader er det aktuelt å rydde i vegetasjonen i eit avgrensa område for å få betre framkomme til strandlinja frå land eller vatn. Da er det viktig å ha ein tanke om korleis området skal skjøttast.*
- *Dersom ein likevel må fjerne vegetasjon heilt i eit allereie skogkledt område, må ein la det stå att nokre få tre eller vegetasjonsklynger heilt nede ved strandlina og ha ein plan for skjøtsel.*